

# Sula Høgre



**Valkampprogram  
Kommunevalet i 2023**

## Moglegheiter for alle!

### Viktige prioriteringar for Sula Høgre

- ✓ Ei trygg eldreomsorg
- ✓ Ein trygg og god oppvekst for alle born og unge
- ✓ Ein skule med godt innhald som ser den enkelte elev
- ✓ På lag med jobbskaparar og næringsliv
- ✓ Støtte frivilligheita slik at den kan blomstre
- ✓ Arbeide for effektive og trygge samferdselsløysingar
- ✓ Nei til auke av eigedomsskatten, helst avvikle den.
- ✓ La Sula bli ein effektiv og inkluderande JA-kommune!

## Samferdsel

Sula kommune har store utfordringar knytt til samferdsel, spesielt E39 med mellom anna Veibustkrysset og RV61. Samferdsel er nøkkelen til å skape ein god bu- og arbeidsregion. Vi vil samarbeide med våre nabokommunar for å finne dei mest effektive og beste samferdsleløysingane.

### Sula Høgre vil



- i samarbeid med vegvesenet finne dei kortsiktige løysingane som betrar sikkerheita på vegnettet vårt
- arbeide med å kartlegge ulike løysingar for å realisere fjordkryssing mellom Sula og Ålesund
- at framtidige kommunale vegar og fortau skal byggjast ut i nært samarbeid med utbyggjarar og grunneigarane
- at alle barneskular på Sula skal ha trygg skuleveg. Trygg skuleveg gir oss trygge og glade barn som går til skulen i staden for å bli køyrd
- arbeide for eit godt kollektivtilbod
- sikre og forbetre rutetilbodet på Langevågsbåten
- arbeide for å utbetre parkeringsplassen på Lerheimkaia

## Næringspolitikk

Vi vil spele på lag med næringslivet som skaper verdiar, samfunnsutvikling og spanande arbeidsplassar i kommunen vår. Høgre ynskjer at Sula skal være ei JA-kommune med fokus på utvikling gjennom ein tett dialog med næringslivet!





### Sula Høgre vil

- spele på lag med næringslivet for å skape vekst og utvikling. Lokale arbeidsplassar er viktig for Høgre
- samarbeide med næringslivet på å etablere stilling som næringskonsulent i kommunen
- arbeide for å ha eit aktivt næringsforum og gode møteplassar for næringslivet i Sula kommune
- ha ei positiv og effektiv handsaming ved regulering av næringsareal i kommunen
- bidra til ei effektiv saksbehandling gjennom eit godt samspel mellom kommunen og næringsliv
- vere positiv til at gondolen blir realisert under føresetnad av at vedtaksprosessen i størst mogleg grad tek vare på innbyggjarar og natur

## Helse og omsorg

Høgre sin visjon er eit samfunn med moglegheiter for alle. Innanfor helse og omsorg vil vi legge vekt på at alle innbyggjarar i alle faser i livet skal få dei tenestene dei treng!

### Sula Høgre vil



- lage ein plan for å rekruttere og behalde dyktige og kompetente medarbeidarar i helse og omsorg.
- bidra til at samarbeidet mellom dei ulike delane av helse og omsorg vært styrka.
- tidleg innsats for å byggje sosial kompetanse og unngå utanforskap gjennom filosofien «betre å byggje born enn å reparere vaksne»
- arbeide for å møte det stigande behovet for framtidige institusjonsplassar og tilrettelagte tenester i heimane (eldrebølgja).
- legge til rette for eit meir alders- og demensvennleg lokalsamfunn der vi også har ein plan for dei pårørande.
- være pådrivar til planlegging og bygging av eldrebustadar og «eldretun» i kommunen, også i privat regi.
- sjå til at personar som har utfordringar med rus og psykisk helse får rask og god hjelp.
- sette fokus på samarbeid med spesialisthelsetjenesta.

## Skule og oppvekst

For Høgre er god skulepolitikk ein berebjelke i velferdssamfunnet. Ein god skule gir moglegheiter for alle uansett bakgrunn. Læring, trivsel og meistring er det viktigaste for born og unge på veg mot vidare utdanning og vaksenlivet. Utnytte dei flotte skulane vi har på ein best mogleg måte.

### Sula Høgre vil



- etablere gode ordningar for tidleg innsats i skuler og barnehagar
- ha nulltoleranse for mobbing, vald og rasisme i skulen
- at born som treng større utfordringar blir gitt moglegheiter
- auke satsinga på etter- og vidareutdanning for lærarane
- arbeide for stabil og kvalifisert bemanning i barnehagar, SFO og skular
- at spesialundervisning skal gis av personar med riktig kompetanse
- arbeide for at born og unge får ei meningsfull fritid i fellesskap med andre
- styrke forebyggjande arbeid mot rus i grunnskulen
- styrke samarbeidet mellom SFO, frivillige organisasjonar og kulturskulen
- utvide opningstida for SFO

## Sula Høgres program for kultur, idrett, folkehelse og frivillighet

Sula er kjend for eit mangfaldig tilbod innan kultur, idrett og frivillighet, noko vi alle er svært takksame for! Sula Høgre vil arbeide for at alle dei frivillige organisasjonane skal oppleve at dei får støtte og positiv draghjelp for det viktige arbeidet dei legg ned! Vi ynskjer oss ei kommune som saman kan oppfylle visjonen **«Sula skal vere den leiande kultur- og friluftskommunen i Ålesundsregionen med aktive innbyggjarar som opplever samkjensle og identitet.»** For Høgre betyr visjonen meir enn ord, og vi vil arbeide for at vi skal leve opp til denne gjennom konkret handling!

### Sula Høgre vil

- bidra til å legge til rette for eit godt samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar
- arbeide for å kunne tilby lågterskeltilbod for ungdom som også er opent på laurdagar
- arbeide for å realisere kyststiar på Sula
- arbeide for at kommunen og privat næringsliv saman kan bygge kulturhus
- sørge for at økonomisk situasjon og sosial bakgrunn ikkje skal være til hinder for deltaking og frivillig innsats
- ta vare på den kulturarven som kyrkja representerer og arbeide for at **kommunen i samarbeid med soknerådet og private kan bygge eit kyrkjelydshus i Langevåg**



## Kven er Turid?

Turid har jobba innan bank og finans heile si yrkeskarriere og har hatt ulike leiarroller i ulike bankar i over 30 år.

Av utdanning kan nemnast Master of management fra BI med avsluttande Master i 2006.

Turid har også ulike styreverv i næringslivet. Ho har og vore aktiv og engasjert i frivillige lag og organisasjonar innanfor det unike kulturlivet i Sula Kommune i over 40 år - som styremedlem og/eller leiar i mellom anna Langevåg Musikkorps, Sularevyen, Sula Rotary og LIL Handball. Turid er framleis aktiv korpsmusikar og spelar klarinett i Langevåg Musikkorps.

Turid har 3 kjekke døtrer og tre flotte barnebarn.





Eg vil bidra til å få ting til å skje  
gjennom samarbeid  
og god politikk!

**Turid Kristin Sand Humlen**

ORDFØRARKANDIDAT

Sula Høgre 

### Politisk erfaring:

- 8 år (2 periodar) i Sula kommunestyre
- 4 år som leiar i Kultur-, næring- og miljøutvalet
- 4 år som leiar av Teknisk utval
- 4 år i formannskapet
- styremedlem og nestleiar i Sula Høgre
- leiar for sakkunnig nemnd for eigeomsskatt i Sula



## Min motivasjon for å gå til val som ordførar ved kommunevalet 2023:

For Høgre og meg er «**Moglegheiter for alle**» det aller viktigaste!

Sula Kommune skal være ein god kommune å bu, arbeide og leve i for folk og bedrifter. Gjennom engasjement og omtanke for lokalsamfunn og enkeltmenneske i alle faser i livet, ynskjer eg å bidra til at Sula skal være ein inkluderande og effektiv JA-kommune som gir gode tenester. Berekraftig utvikling er viktig for Høgre.

Eg brenn for samarbeid og open dialog mellom innbyggjarane, bedrifter, frivilligheita og kommunen med fokus på gode løysingar til det beste for innbyggjarar og næringsliv. Vi skal spele på lag for å få til vekst og utvikling. Eg vil bidra til å få ting til å skje gjennom samarbeid i politikken.

Det har noko å seie kven som styrer kommunen du bur i!

Sjå våre listekandidatar under:

Kommunestyrevalget 2023 i Sula

**Namn på vallista: Høgre**

**Status: Godkjent av valstyret**

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Anna info
1	Turid Kristin Sand Humlen	1959	Langevåg
2	Christian Birkeland	1971	Langevåg
3	Nils Erik Bjørkavåg	1974	Eidsnes
4	Vibeke Bjørkavåg	1971	Eidsnes
5	Jan Arne Sletta	1956	Langevåg
6	Geir Ove Vegsund	1963	Eidsnes
7	Jens Dahl	1967	Langevåg
8	Ole Andreas Erstad	1966	Langevåg
9	Terje Erstad	1959	Langevåg
10	Hege Sonja Tusvik Fiskerstrand	1968	Fiskarstrand
11	Frode Frøyen	1960	Fiskarstrand
12	Vidar Hagerup	1969	Eidsnes
13	Thor Even Kipperberg	1976	Langevåg
14	Terje Måseidvåg	1972	Eidsnes
15	Tanja Emblem Ness	1983	Mauseidvåg
16	Lars Gunnar Nesseth	1960	Eidsnes
17	Leif Otto Nesseth	1955	Eidsnes
18	Therese Katrin Digernes Nossen	1969	Langevåg
19	Randi Nyhaug	1975	Fiskarstrand
20	Bent Ulleland	1970	Langevåg
21	Per Gunnar Vasset	1953	Langevåg
22	John Arne Vestre	1968	Langevåg
23	Bjørn Øien	1961	Langevåg